

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015

### **RS 138/15 Status for Sellafeld**

I samband med RS 138/15 påpeikte **Aud Karin Oen** at notatet har alarmerande innhald, og at det er nødvendig å leggje trykk på saka via aktuelle styresmakter. Medlemer i fylkesutvalet vil utarbeide forslag til fråsegn før fylkestinget 13. oktober 2015.

### **RS 146/15 Trafikkplan Sunnhordland - førebuing nytt anbod**

I samband med RS 146/15 viste **Sigbjørn Framnes** til at ungdommar i Sunnhordland saknar busstilbod på kveldstid og i helgar. Denne problemstillinga kjem ikkje fram i notatet. Direktør Oddmund Sylta i Skyss svarte at det vert lagt til rette for eit så godt som mogleg busstilbod innan dei økonomiske rammene som er stilt til disposisjon.

**Benthe Bondhus** påpeikte at det også er viktig å sikre korrespondanse på tvers av fjorden,- mellom Sunnhordland og Hardanger.

### **RS 147/15 "Krav frå Bergen kommune om tilbakeføring av eigedomar ..."**

Både **Aud Karin Oen** og **Sveinung Valle** hadde før møtet i fylkesutvalet etterspurd orientering om status for saka.

**Silje Hjemdal** stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er byråd i Bergen kommune og har hatt ei aktiv rolle i saka. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Silje Hjemdal var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Hjemdal gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen orienterte m.a. om kvifor referatsak 147/15 "Krav frå Bergen kommune om tilbakeføring av eigedomar under punkt 8 i Angeravtalen - mottak av stevning" ikkje var lagt fram tidlegare.

Advokat Kenneth Steffensen gjorde greie for innhaldet i notat av 22.09.2015 frå advokatfirmaet Thommessen AS om "Redegjørelse for søksmål fra Bergen kommune" og svarte på spørsmål. Notatet var ettersendt på e-post til medlemene i fylkesutvalet og publisert som vedlegg til saka på e-innsyn.